

## Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

(Forvaltningslova § 27 tredje og fjerde ledd)

<b>Mottakar</b> <b>Austevoll kommune</b> <b>5392 Storebø</b> <b>Epost: postmottak@ austevoll.kommune.no</b>	<b>Dato</b>	<b>Klageinstans</b>
Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De ynskjer å klaga over vedtak De har fått melding om.		
<b>Kven kan De senda klagen til</b>	Klaga skal først sendast til avsendaren av denne meldinga. Dersom dette organet ikkje endrar vedtaket som følgje av klagen, vil den bli sendt vidare til klageinstansen for avgjerd. Dersom vedtaket er gjort av kommunale eller fylkeskommunale organ, er klageinstansen kommunestyret eller fylkestinget, eller det organet desse har gjeve det til. Dersom vedtaket er gjort av kommunestyret eller fylkestinget, er klageinstansen kommunaldepartementet eller det organ det har gjeve myndet til.	
<b>Fristen til å klage</b>	<b>Klagefristen er 3 veker frå den dag dette brevet kom fram.</b> Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vera uklart for oss om De har klaga i rett tid, ber vi om at De oppgjev når denne meldinga kom fram. Dersom klagen vert sendt for seint, er det høve til å sjå bort frå den. Om De har særleg grunn til det, kan De likevel søkja om å få forlenga klagefristen. De bør då i tilfelle nemna grunnen til forseinkinga.	
<b>Rett til å krevja grunngjeving</b>	Dersom De ikkje alt har fått grunngjeving for vedtaket, kan De setja fram krav om å få det. Slik krav må setjast fram i løpet av klagefristen. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist tek til å gå frå det tidspunkt De mottek grunngjevinga.	
<b>Innhald i klagen</b>	Klagen skal nemna det vedtaket det vert klaga på, og den eller dei endringar som De ynskjer. De bør også nemna Dykkar grunn for å klaga og eventuelle andre opplysningar som kan ha noko å sei for vurderinga av klagen. Klagen må underteiknast.	
<b>Utsetjing av vedtaket</b>	Sjølv om De har klagerett, kan vedtaket vanlegvis gjennomførast straks. De har likevel høve til å søkja om å få utsett iverksetjinga av vedtaket til klagefristen er ute eller klagen er avgjort.	
<b>Rett til å sjå dokument i saka og til å krevja rettleiing</b>	Med visse avgrensingar har De rett til å sjå dokumenta i saka. De må i tilfelle venda Dykk til det forvaltningsorganet som har sendt denne meldinga. Der kan De også få nærare rettleiing om høvet til å klaga, om framgangsmåten ved klage og om reglane for sakshandsaminga elles.	
<b>Kostnader ved klagesaka</b>	De kan søkja om dekking av utgifter til naudsynt advokatbistand etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld imidlertid normalt visse inntekts- og formuegrenser. Fylkesmannen sitt kontor eller vedkomande advokat kan gje nærare rettleiing. Det er også særskilt høve til å krevja dekking av vesentlege kostnader i samband med klagesaka, t.d. til advokatbistand. Dersom vedtaket er blitt endra til beste for ein part, er det også høve til å søkja dekking for vesentleg kostnader i samband med saka. Klageinstansen vil om naudsynt orientera Dykk om retten til å krevja slik dekking for sakskostnadene.	
<b>Klage til Sivilombodsmannen</b>	Det er også mogleg å klaga til Stortinget sin ombodsmann for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen har ikkje høve til å handsama saker som er avgjort av Kongen i statsråd. Dersom De no får Dykkar klage avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De difor ikkje seinare bringa saken inn for Sivilombodsmannen.	
<b>Særlege opplysningar:</b>		

